



Helene Olli Sollid
Gripavegen 86
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19126 - 21/2392

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
14.01.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 335/2 Gripen

Tiltak: løe
Byggjestad: Gbnr: 335/2
Tiltakshavar: Helene Olli Sollid
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.12.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Teikningar må vera målsett. Dette gjeld i hovudsak dei vedlegga som er omtala som blyantskisse. Situasjonkartet er ikkje målsett, men i og med at det skal byggjast opp igjen på gamle murar, er det vurdert til å vera tilfredstillande for å vurdere plassering av tiltaket.
2. Det kjem fram av planteikningane for hovudetasjen at bygget blant anna skal innehalde «toalett» og «baderom». Det kjem også fram frå vedlegget «avlaupsplan» at det skal etablerast minireinseanlegg på eigedommen. Det er naudsynt med eit godkjent utsleppsløyve for bygg som skal innehalde blant anna toalett. Du opplyser vidare i e-post datert 8.1.2021 at du er i kontakt med Vest VVS AS som skal søkja på vegne av deg. Kommunen legg difor til grunn at dokumentasjon knytt til dette punktet er under utarbeiding.
3. Det er opplyst i søknaden at dykk i framtida håper å få tilsette om ikkje så lang tid. Du må avklare med Arbeidstilsynet om det er naudsynt med godkjenning etter arbeidsmiljøloven § 18-9.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **25.03.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helene Olli Sollid

Gripavegen 86

5919 FREKHAUG